


Ein stig med fleire alternative ruter

Allereie på parkeringsplassen på Bakketeigen får du flott utsikt, men det kan altså bli betre. Turen startar på grusveg, og deretter på stig som er bratt og steinete i starten. Etter ca 1,5 km tek du av til Nasakamben. Når du er komen på toppen blir du lønna med imponerende utsyn over Strandafjorden og austover i dalen. Det kan vere lurt å passe ekstra godt på borna i dette bratte terrenget.

Dersom du ynskjer ein rundtur går du ein lett stig til Orreleiksmyra. Derifrå har du fleire turalternativ tilbake til parkeringa. Du kan velge stigen til Dekkadn, eller velge stigen

langs Strandaberget, der det ligg kolgroper frå ca. 800-1000 år e.Kr. Lengre vest forbi Klyvset finn du Ljøteholå som er 90 m djup. Høla er sikra. Bruk kartet.




Ei segn om Ljøteholå fortel om at ein kalv med bjølle skal ha falle ned i hōla. Etter ei stund kunne visst folk høyre bjølla skrangle rett under jorda ved garden Strand, som ligg fleire hundre meter frå hōla. Ein annan versjon av same segna fortel at kalven seinare dukka opp att i Strandafjorden.





For meir detaljert kart sjå: Tur- og sykkelkart AI/Gol/Hemsedal 1:60 000.



Foto: Morten Sjemmedal

-  Ta av frå Rv. 7 mot Ål folkehøgskule, ca. 2,5 km vest for Ål sentrum. Følg Nossvegen forbi avkøyringa til folkehøgskulen på Bakketeigen.
-  Ved bommen like etter Nossvegen 316.
-  4 km t/r. 705 - 974 moh.

-  Flott utsikt og høve til å studere svært gamle kolgroper.
-  Tydlege stigar med noko stigning. Bratt terreng.



Ein gamal stølsvoll på Klyvset.

Foto: Bard Svarical

